



PÅ KYRKJEVEG

KYRKJEBLAD FOR ØYSTRE SLIDRE

NR. 4, 59. ÅRGANG, 2020



Juleevangeliet

I dei dagane lét keisar Augustus lysa ut at det skulle takast manntal over heile verda. Dette var første gongen dei tok manntal, og det hende medan Kvirinius var landshovding i Syria. Då fór alle heim, kvar til sin by, og skulle skriva seg i manntalet. Også Josef drog då frå byen Nasaret i Galilea og opp til Judea, til Davidsbyen, som heiter Betlehem, for han høyrde til Davids hus og ætt og skulle skriva seg der saman med Maria, som var lova bort til han. Ho venta då barn. Og medan dei var der, kom tida då ho skulle føda, og ho fekk son sin, den førstefødde. Ho

sveipte han og la han i ei krubbe, for det var ikkje husrom for dei. Det var nokre gjetarar der i området som var ute på marka og held vakt over flokken sin om natta. Med eitt stod ein Herrens engel framfor dei, og Herrens herlegdom lyste kringom dei. Då vart dei gripne av stor redsle. Men engelen sa til dei: «Ver ikkje redde! Sjå, eg kjem til dykk med bod om ei stor glede, ei glede for heile folket: I dag er det fødd dykk ein frelsar i Davids by. Han er Messias, Herren. Og det skal de ha til teikn: De skal finna eit barn som er sveipt og ligg i ei krubbe.» Brått var det ein stor himmelhær saman med engelen; dei lova Gud og song:

- Ære være Gud i det høgste, og fred på jorda blant menneske Gud har glede i!»

Då englane hadde fare attende til himmelen, sa gjetarane til kvarandre: «Lat oss gå inn til Betlehem og sjå dette som har hendt, det som Herren har kunngjort for oss.» Så skunda dei seg dit og fann Maria og Josef og det vesle barnet som låg i krubba. Då dei fekk sjå det, fortalde dei alt som hadde vorte sagt dei om dette barnet. Alle som høyrde på, undra seg over det gjetarane fortalde. Men Maria gøymde alt dette i hjartet sitt og grunda på det. Og gjetarane vende attende. Dei lova og prisa Gud for alt dei hadde høyrte og sett; alt var slik som det var sagt dei.



Gledesporing!

Midt i november, fulgte eg mitt barnebarn sitt eksempel og forserte alterring og dørstokk på leiting etter glede.

Rusta med mobilens opptakarutsyr spurde eg meir eller mindre tilfeldige offer om kva som gjer dei glade, og dersom dei har ein dårleg dag; kva gjer dei for å bli glade.

Mens forskarar og sporingsteam forsøker å få kontroll på coronasmitten har eg desse dagane i november og desember lært mykje om gledesmitte, og dertil høyrande smittesporing!

Turen var komen til tidlegare kollega på kyrkjekontoret Anne Nora Alund, og ho løfta heile prosjektet til nye høgder. Ho minte meg på den gongen vi på eit stabsmøte dreiv og leitte etter spor etter glede, og at vi i desse dagar har lært mykje om sporing. Ho forklara meg korleis ein går fram for å drive god gledesporing. Eg deler oppskrifta; bruk henne! Og du vil kunne oppdage at den har eit R-tal (reproduksjonstal) mykje høgare enn 1.

Først kjenn nøye etter symptoma. Munnen dreg seg gjerne litt oppover, det kan kome ukontrollerte klukkelydar, hjarta slår litt sterkare; ei kjensle av kribling breier seg i kroppen, og du kan få ein ubendig lyst til å dra ut og smitte fleire. Og rådet er: ikkje hald deg heime da, smitt gjerne! I smittesporinga må du så søke tilbake til kjelda for smitten; kvar var du da du kjende gleda; kven var du saman med som gjorde at



På sporet av glede gjer bestemor som Ada Sofie. Forserer altarring og dørstokk og kjem seg ut. Foto: Lillian Norli

du vart smitta; kven var ansvarleg. Og for å vera ansvarleg tenk deg godt om; kven kan du ha smitta med ditt gode humør og di glede! Derrest: ta ansvar, meld tilbake til dei som smitta deg, og for eiga gledes skuld prøv å spore om gleden kan ha smitta andre.

Om prosjektet mitt kan eg for eigen - og han i heimen som er utsett for all mi nærkontakt og smitte - sin del understreke at all den glede eg har fått høyre om, har gjort meg glad. Ikkje mindre har eg blitt glad av å få eit slikt godt høve til å møte så mange menneske. Eg håper og andre har blitt smitta av dette; og tek gjerne ansvar i så måte!

Har du lyst til å prøve oppskrifta, eller tenke etter kvar dine eigne kjelder til glede er, kunne ingenting glede meg meir! Ønsket om ei gledeleg jul og eit riktig glederikt nytt år, får du på kjøpet!

- Eli



DEN NORSKE KYRKJA

ØYSTRE SLIDRE PRESTEGJELD

Kyrkjekontoret, Tingvang
Bygdinvegen 1989, 2940 Heggenes
E-POST: post.oystreslidre@kyrkja.no
KONTORTID: Alle dagar 10 - 14

Dagleg leiar	OVE EKERBAKKE	61 35 25 76
Sokneprest/fjellprest:	ELI VATN	991 29 976
Prost:	CARL PHILIP WEISSER	915 55 504
Sekretær:	ODDVEIG HOLDAL WEEG	61 35 25 78
Kyrkjegardsarbeidar:	JON GUNNAR SOLHAUG	61 35 25 80
Kyrkjemusikar:	MAGNE OLAV SELLAND	934 19 294
Menighetspedagog:	ELLEN ODDVEIG RUDI	948 65 195

PÅ KYRKJEVEG - Kyrkjeblad for Øystre Slidre
Utgevar er sokneråda i Øystre Slidre.

REDAKSJON:
Eli Vatn, Martha Viken, Ingrid Meyrick og Oddveig Holdal Weeg.

Bladet kjem med 4 nummer i året.
LAY-OUT: designaskia.no
TRYKK: Bekkevolds Lyskopi ANS
KONTO NR.: 2135 25 01678 / VIPPS: 105751

FRIST FOR INNLEVERING AV STOFF TIL NESTE NUMMER:
19. JANUAR 2021

FRAMSIDE: Lidar Kyrkje FOTO: Saskia Aleida Van Veen
Bakgrunnsbilde av nordlys fram- og baksida: Pixabay

LIDAR KYRKJE	Klokkar: Anne Britt Skåthun Hansen-Sørum
VIPPS: 135151	Kyrkjetenar: Harald Melby Reinhaldar: Harald Melby Soknerådsleiar: Sissel Dahle Lie
HEGGE KYRKJE	Klokkar: Ola Magnus Vatn Weisser
VIPPS: 515422	Kyrkjetenar: Jon Gunnar Solhaug Reinhaldar: Synnøve Rødningen Soknerådsleiar: Arnstein Alund
VOLBU KYRKJE	Klokkar: Hildur Vingdal
VIPPS: 590221	Kyrkjetenar: Svein Hegge Reinhaldar: Svein Hegge Soknerådsleiar: Bjørg Kristin Skogen Opheim
ROGNE KYRKJE	Klokkar: Anne Britt Skåthun Hansen-Sørum
VIPPS: 587467	Kyrkjetenar: Svein Erik Rogne Reinhaldar: Svein Erik Rogne Soknerådsleiar: Eli Døvsødegård Skattebu

Andakt



AV: BISKOP SOLVEIG FISKE, HAMAR BISKOP
FOTO: LIV TORHILD BRAATHEN

Har du nokon gong sett lyset frå eit nyfødd lite menneskebarn? Sett lyset i augene og spedbarnets jamne hjerteslag? Har du kjent korleis ditt eige hjarte bankar av kjærleik og korleis det vesle barnet rører ved deg berre ved at det er til? Du har kanskje også opplevd korleis møtet med den vesle gir retning, for ein håpsveg inn mot framtida.

Det siste året har vore, og er prega av covid-19. Mange har kjent på uro, ja også redsle og angst for dagen i dag, og for morgondagen. Alle lurar vi på korleis framtida vil bli.

Det har vore vanskeleg å halde avstand. Særleg krevjande har det vore for dei som har vore på sjukehus og ulike helseinstitusjonar, og deira nærstående. Det å ikkje kunne gå på besøk eller ta imot besøk gir ei kjensle av einsemd og sorg.

Kvardagen med covid-19 viser oss kor samansett livet er. Vi har fått ei djup erfaring og må sanna at vår felles ståstad er at livet er sårbart.

Eg tenkte på dette då det var kyrkjejubileum i Tingelstad gamle kyrkje, St Petri no i sommar. Der er det ein kopi av det gamle altarfrontalet, med Himmeldronninga Maria med krone og barnet i hendene. Barnet stryk mor si varsamt på kinnet og seier på denne måten at Gud kom med nåde og kjærleik.

Frå Maria på altarfrontalet i St Petri, dirrer sangen om tru, mot og klårleik på Guds vilje om rett og rettferd. Når alle har same Skapar og opphav så har vi også eit medansvar for kvarandre, i det nære men også ute i verda.

Å følgje etter det lille barnet som vi feirer i jula, er å våge å gå inn i nye og ukjende landskap, ut fra evangeliets grensesprengande kraft til å åpne livets kjelder og framtidshåp for alle menneske.

Gud kjem til jorda vår som eit lite barn, og kanskje er det nettopp fordi Gud veit kva det er å være liten, at Gud også veit kva oppgjer med øydeleggende krefter er.

Saman med menneske over heile jorda, høyrer vi, og lever vi, i juletonen som har ein klangbotn av eksistensiell einsemd. Lindringa kjem som glimt av å høyre til i noko som er stort, større enn oss sjølve.

Vi anar, kjenner att og trur på Jesusbarnets livgjevande og trøystefulle nærvær midt mellom oss. Kristi kjærleiks lys held oss fast, i sanning og håp for livet her og i alle æve. Saman med folk over heile verda syng vi difor om fred på jorda, om barnet som er fødd og lyset frå håpet som er gjeve oss.

Velsigna julehøgtid til dykk alle!

Aldri aleine.

AV: INGRID MEYRICK.

«Du skal bli prest», sa stemma. Jeg var gymnasiast, bodde på hybel og hadde akkurat starta på siste året etter en sommer prega av mye usikkerhet. Jeg stoppa opp midt på gulvet, så ingen ting, men hørte stemma klar og tydelig, et par meter til høyre for meg.

Hva var dette? Kanskje det bare var min egen indre stemme jeg hørte? Tenk om det var innbilning? Tok overjeget styringa? Var det helt tilfeldig at det skjedde akkurat der og da? Var det Guds stemme? Kan det ha vært en usynlig engel? Og hva er egentlig forskjellen? Jeg vet ikke helt. Det jeg vet er at jeg hørte stemma og oppfatta at det var Gud som stod bak.

Både da og alle år siden har jeg oppfatta dette som et kall til prestetjeneste.

Dette er utdrag frå Anne Hilde Øigarden si siste bok «Aldri aleine». Dei fleste av oss veit kven Anne Hilde Øigarden er etter hennar år som prost og seinare glasmakar der ho budde på prestegarden i Aurdal saman med mannen sin, Trond. No har dei flytta til Kristiansand for å koma nærare barn og barnebarn.

Omlag samtidig med flyttinga kom denne boka ut. Og er det noko vi treng å høyre no i desse dagar så er det at vi aldri behøver å vera aleine. Anne Hilde skriv om englar, og vi saksar frå Luther Forlag si omtale av boka:

«Vi har alle et forhold til engler. De er rundt oss hver dag, i det synlige og det usynlige. De er

der i språket: Vi har «englevakt» når vi slipper uskadd fra noe vi ikke har kontroll over selv. De er i sangene vi synger for barna og i salmene vi synger i jula. De er i kunsten, både i hverdagskunsten vi har på hylla hjemme og i de store kunstmuseene. Og vi finner dem i Bibelens tekster.

I Aldri aleine forteller presten og glassmakeren Anne Hilde Øigarden om sitt forhold til engler. Hun følger sporene hun finner i livet, i språket, i kunsten, i Bibelen og i kirkehistorien, på jakt etter dypere svar: Hva er engler? Hva er oppgavene deres? Hva kan de bety for oss i dag?

Aldri aleine en vakker bok til trøst og oppmuntring, med tekster og bilder som gir rom for refleksjon.

Anne Hilde Øigarden har vært prest i Den norske kirke i 30 år. Da helsa satte en stopper for videre tjeneste, måtte hun finne på noe for å holde motet oppe. Da lærte hun seg glassfusings-teknikk. Nå kaller hun seg «glasmakar» og lager kristne symboler i glass til oppmuntring og trøst for alle som trenger å kjenne at de ikke er aleine med livet sitt.

Med dette vil vi gjerne anbefale denne boka både til eigen lesnad og kanskje som ei fin julegave? Ho kan bestillast på nettbutikken til Luther Forlag eller direkte hjå Anne Hilde. Vi går ut frå at boka er i bokhandlane også no etterkvart.

God lesnad!



Anne Hilde Øigarden med den nye boka si og i glasverkstaden. Alle foto: Trond Øigarden.

Vi må halde lyset levande tenker eg og har bede med meg Liv Vingdal, leiav Frivilligsentralen i Øystre Slidre på verdivandring. November sig innpå oss med tåke og tidleg mørke. På nytt har vi fått restriksjonar på å vera samene. Slik også for Frivilligsentralen sine møteplassar. Eg fyrer laus: - Korleis er det eigentleg, kor mykje trur du folk saknar å koma saman; blir vi meir tungsindige av det?



Her skulle det normalt vore kafe og fullt med folk på denne tida.



Liv leder an i eit mangfoldig nett av skogsstiar.

- Når eg tenker på kor glade folk var då vi kunne opna oppatt for aktivitetar på Frivilligsentralen i vår og haust, er det tydeleg at det er eit sagn. Og då vi søkte etter folk som kunne vera handlehjelp og ringevann var det svært god respons. Men det var ikkje like stor respons frå folk som ville ha ein ringevann.

- Hm, nei det er kanskje meir sårbart å vera den som tek imot ei teneste enn den som gir? Vi vil jo alle gjerne vera sterke; det er ofte lettare å gje enn å ta imot.

- Ja i alle fall for folk i den eldre generasjon. Ein vil ikkje vera til bry!

Det må eg gje Liv rett i. Samstundes undrar vi begge på om Koronaen på ein måte har sett oss alle meir i same sårbare situasjon. No er vi alle meir åleine, meir einsame, og det er vi saman om å vera.

Stigen går over Raubrøtmoen og Liv skisserer fleire moglege stigar å gå; eg vel den slakaste; det er sleipt, og eg vil jo gjerne ha pust til å prate. Sjølv om Vinda brusar får eg spurt kva for verdiar som er sentrale for arbeidet i Frivilligsentralen.

- Aktiv for trivsel er det første, og samarbeid og vennlegheit.

- Vennlegheit, det likar eg: samarbeid også. Vi treng det mellom oss. Samarbeid i frivillig samanheng er gjerne dugnad, og når ein arbeider saman på dugnad er alle likeverdige; det skil ikkje mellom folk når ein gjer ein dugnadsinnsats i lag.

- Eg er så einig. Det finst mest ikkje betre arena for samhald. For det fyste så går praten ofte meir avslappa av di det ikkje er så fokus på praten, han fell meir naturleg. Eg hugsar sjølv så godt oppvasken med tantene mine når det var familieselskap heime. Då var vi på lik linje, og om eg ikkje hadde så mykje å bidra med, kunne eg tjuvlytte til den fortrulege praten deira. Det er dessutan gjerne meningsfylt å gjera noko saman; du ser resultat, det er til glede!

Liv er fortsatt vegvisaren i mylderet av skogsstiar, og vi har snudd nasen mot utgangspunktet. Liv tek tak i einsemda frå ein ny vinkel.

- Vi er og mykje mindre avhengige av kvarandre no enn før. Då eg vaks opp i Sørre Strande, hjalp bøndene kvarandre i onnene; ein hadde reiskapen i lag og fór frå gard til gard og hjalp kvarandre. No har alle gardar alle maskinar dei treng. Vi ungene måtte og vera med i arbeidet. Det gav mening.

- Det kjenner eg meg att i; det at garden trong at eg var med og arbeidde gav meg ei sjølvsgt kjensle i å vera behøvd.

- Ja, og ein lærte så mykje!

- Nyttig, og godt for sjølvkjensla.

Vi er begge opptekne av rekruttering; er frivilligkulturen på veg ut i samfunnet vårt. Korleis rekruttere unge til dugnad, frivillig arbeid og fellesskap? No er det Liv som spør, og eg svarar etter beste evne!

- Det er ingen heimeverandre husmødre lenger; og det er



Gapahuken bak Tingvangfeltet som nokre frivillige fikk bygd. Gjenglømte spor etter barneleik.

MIN SALME



strevsamt å vera ung familie når begge er utearbeidande; i tillegg skal hus, heim og born takast hand om.

Likevel trur eg unge menneske i dag kan hende har stort behov for å drive med noko som opplevast som meningsfylt, vera i slike samanhengar som frivillig dugnadsarbeid gjev. Mange er og aleine-buande, og i eit samfunn der vi er mindre avhengige av kvarandre, misser ein i større grad fellesskapet i det å måtte hjelpe kvarandre.

Eg trur vi må spørje folk direkte om å hjelpe oss med det vi treng hjelp til! Vår nye kyrkjevege Ove Ekerbakke utfordra meg i førre verdivandring på Mandagsmiddagar. Middagar laga på dugnad, der folk kunne kome og kjøpe seg middag til sjølvkost. Det starta med at Jostein Enger spurde eit par karar om å vera med og lage middag; og brått var det så mange som ville vera med at dei måtte sette opp venteliste.

Vi følgjer kraftlina siste stykket nedover mot Moatunet att.

Aktiv for trivsel, eg må spørje opp att og Liv poengterer at frivillig arbeid skal vere ein meningsfull aktivitet til trivsel og glede for den som deltek.

- Frivillig arbeid har ein viktig eigenverdi som er god medisin for oss. Vi får eit hyggeleg nettverk, gode opplevingar, mykje humor og gode samtaler. I tillegg opplever vi ein nytteverdi ved å vera med å skape gode møteplassar/nærmiljø/fritidstilbod for oss sjølve og andre i kommunen. Så må vi passe på at frivilligheita får utvikle seg slik som ordet seier FRI-VILLIG. Forventningar om at frivilligheita skal lette offentlege oppgåver, kan lett bli ei plikt – og kanskje redusere det frivillige engasjementet.

- Frivillig arbeid er til glede både for seg sjølv og andre.

Ja, der; i glede ligg det mykje krefter å hente tenker eg. Friske i kinna, ganske samstemte i verdien av frivillig engasjement takkar vi kvarandre for turen.

BRED DINA VIDA VINGAR.

Musikk er viktig i livet mitt. Jeg pleier å si at en dag uten musikk, ikke er en god dag. Vanligvis har jeg en sang på øre, men den forsvinner i perioder når livet er strevsamt. Gleden er stor når kommer tilbake.

Salmer gir oss glede, støtte og trøst i hverdager, ved høytider, i sorg og ved milepæler i livet.

Jeg kan huske fra barndommen at jeg syntes salmemelodiene var så enkle å lære, selv om man ikke kjente de fra før. Om jeg ikke kjente melodien gikk det lett etter første verset.

Jeg velger meg «Bred dina vida vingar» som svenske Carolina (Lina) Vilhelmina Sandell har skrevet teksten. Hun levde frå 1832 – 1903, og var teolog, dikter, forfatter og salmeforfatter. Sangen har blitt brukt i familien både til hverdags og ved avskjeder. Salmen er oversatt til norsk, men jeg liker best originalen.

Eli Døvresødegård Skattebu

Bred dina vida vingar, o, Jesus över mig
och låt mig stilla vila i ve och väl hos dig!
Bliv du mitt allt i alla, min visdom och mitt råd,
och låt mig alla dagar få leva blott av nåd!

Forlåt mig alla synder och två mig i ditt blod!
Giv mig ett heligt sinne, en vilja ny och god!
Tag i din vård och hägnad oss alla, stora, små,
och låt i frid oss åter till nattens vila gå!

Tekst: Lina Sandell Melodi: Trad.

Taizé-messe i Volbu.

AV: INGRID MEYRICK

Den 15. november feira vi «Skaperverkets dag» med Taizé-messe i Volbu kyrkje.

Eli hadde fått med seg Erika Hoffmann, raudruss til våren, i preika for dagen. Erika har tidlegare markert seg offentleg i sitt engasjement for naturvern og klimakamp. Ho minte oss om at for oss som kristne handlar det om både bønn OG arbeid, begge delar er like viktig- ikkje minst om vi skal redde kloden vår.

Songane og bønene som blir brukte i ei Taizé-messe, er eit konsept som har spreidd seg frå klosteret i den vesle landsbyen Taizé i Bourgogne i Frankrike. Der blir det brukt songar med enkle melodiar og tekstar i eit enkelt språk som dei syng omatt og omatt- gjerne same teksten på forskjellige språk, sidan det kjem folk dit frå alle verdenshjørner. Enkle melodiar kallar også ofte fram enkle harmoniar og det blir ofte spontant improvisert fleirstemmig sang. Dette vart ikkje heilt spontant denne kvelden sidan Eli hadde tromma saman eit lite forsangerkor. Men det var fritt fram for oss alle til å delta i kva stemme vi ville.

Ei Taizé-messe er meint å gi livgjevande påfyll, eit pusterom i fellesskap! Mange tusen pilegrimer i året dreg til Taizé for å oppleva den heilt spesielle stemningen.

Denne kvelden trengte vi altså ikkje dra heilt til Frankrike for å



Taizémesse i Volbu kyrkje. Foto: Ingrid Meyrick.

oppleva det. Det vart ei stemningsfull messe med fin fleirstemmig sang og ord til påminning og ettertanke.

Takk til Eli, Erika, Magne Olav, Hildur og forsangerkoret for ein gild kveld.

Pilegrimsvandring 2021.

AV: HANS ENGER

Pilegrimsvandringen sommeren 2020 ble avlyst, grunnet korona-pandemien.

Sjø om pandemien på ingen måte er slutt, tar vi sikte på at det blir fellesvandring fra Hedalen stavkirke til St. Tomaskyrkja på Filefjell, 25. juni – 3. juli 2021. Vil du bli med?

Opplev Valdres i sakte tempo, i både en indre og en ytre vandring. St. Tomaskyrkja var et viktig pilegrimsmål i middelalderen. Folk opplevde at der var det en undergjørende kraft, som kunne gi dem helse tilbake!

Keltisk åndstradisjon med helliggjøring av naturen var en bærende kraft i kristningen av Valdres, og levde videre her. På vandringen bruker vi keltiske salmer og bønner. Som alle tidligere år vil vi ha stille vandring, med god tid til samtale i pauser og naturligvis der vi overnatter.



Pilegrimsvandring i Valdres mot Lomen stavkyrkje. Foto: Anne Marit Nordaker

Soknepresten i Øystre Slidre, Eli Vatn, vil være pilegrimspresten, Jahn Børe Jahnsen blir vandringsleder. Som medlemmer har han Anne Marit Noraker, Anne Kjersti Frøyen og Berit Bang Thorsrud.

Flere opplysninger kan du få hos Jahn Børe, jbjahnsen@gmail.com.

Påmelding til turen kan du sende til Liv Barbro Veimodet, tlf. 41674669, eller e-post lv564@kirken.no

Gjennom de 15 årene som det har blitt arrangert fellesvandring, har flere hundre mennesker opplevd pilegrimsvandring gjennom Valdres som noe stort. Kommenne sommer kan det bli din tur!



Døypefonten i Hegge kyrkje.

AV: SOLVEIG SANDBERG



Døypefontar

I den åtte hundre år gamle Hegge stavkyrkje står ein døypefont som er endå eldre. Fagfolk daterer han tilbake til kring 1150-1200. Fonten som er laga av kleberstein frå Gudbrandsdalen, er todelt. Underdelen har avsatsar utan dekor, medan øvstedelen har eit flettverksband, såkalla ringkjede, rundt kanten. Ser vi godt etter, vil vi også oppdaga fleire utskorne motiv, som eit tre, ein menneskefigur, stjerner og knutar.

Det blir sagt at folk lurde seg til å hakke småbitar av døypefonten. Det var ikkje legehjelp å få og ei pille for alt som var ille i gamal tid. Desse bitane la dei i ei veskeblanding som vart nytta som botemiddel ved all slags sjukdom. Folk laga seg også salver til å smørja på sår av det dei fekk brote av. Dette kan vera noko av forklaringa på det store skalet i kanten på døypefonten i Hegge kyrkje.

I gamle dagar var det viktig å få det nyfødde barnet døypt snarast råd og i katolsk tid skjedde dette ved full neddykking, om det så var sumar eller vinter. Den store og djupe døypefonten i Hegge vitnar om dette.

I døypefonten står eit døypefat av tinn frå



Døypefonten i Hegge kyrkje. Foto: Saskia Aleida Van Veen.

1500-talet. Studerer ein dette nærare, vil ein under sjå ei løve med hellebard og inskripsjonen Michell London.

Når nokon skal døypast i dag, nyttar presten gåver som folk med sterke band til bygda og kyrkja, har gjeve til kyrkja i nyare tid. Eit døypefat av sølv vert sett opp i tinnfatet og dåpsvatnet fraktar ein i ei sølvkanne. Sølvfatet er pryda med ei fredsdue og har inskripsjonen «Hegge kyrkje 1959, til minne om Dagmar Hovi 1907-1959». Johan Håvi, som var organist i Hegge kyrkje i 43 år, gav dette til kyrkja etter at han miste kona si. Dåpskanna har inskripsjonen «Til Hegge kyrkje. Til minne om Gullik R. Nordtorp og hustru Ragnhild f. Hegge. Fra deres barn i Canada og USA. 1952.» Dei fire eldste ungane til Gullik og Ragnhild var døypte i Hegge og kjende seg heile livet sterkt knytte til kyrkja. Fleire gonger kom dei tilbake hit. Gullik var sonen til Rønjus og Marit Nordtorp og Ragnhild var oldebarn av Ole Hegge som var med og gav altartavla.

Såleis har mange av oss fått signing over livsvegen i lys av gåver til fellesskapet.



BAKRE REKKJE FRÅ VENSTRE: Liv Hovi, Inger Marie Vingdal, Knut Sebu, Harald Erik Grønvold, Einar Moe.

FRAMME FRÅ VENSTRE: Anne Gjertrud Sælid Hanslien, Astrid Rønnaug Sebu, Anne Berit Bolstad, Anne Marie Haugen f. Hålimoen, Gunvor Hegge, Reidun Enger og Else Marie Nygård-Andersen f. Hoviosen.

Gullkonfirmantar

TEKST: EINAR MOE FOTO: HELGE BERGER MEISDALEN

Søndag 25. oktober var konfirmantane frå 1970 spesielt inviterte til gudsteneste i Rogne kyrkje, med etterfylgjande middag i Rogne kyrkjestogo.

21. juni 1970 vart 47 personar konfirmert i Rogne kyrkje. Av desse var 12 med på gullkonfirmantfeiringa. Under messa vart to frå konfirmantkullet, Gunnvor Hegge og Harald Grønvold på ny kalla

fram til presten for å svare på spørsmål. Prest Eli Vatn ville veta korleis det var å vera konfirmant for 50 år sidan, og om framtida vart slik dei hadde forventa.

Etter messa samlast vi i Rogne kyrkjestogo, der sokneråda i Rogne og Volbu hadde ansvaret for matservinga. Magne Olav Selland starta feiringa med ein lått på hardingfela. Vi vart servert gryterett med tilbehør, blautkake og kaffi. Under middagen fortalde kvar og ein av oss litt om korleis livet hadde gått etter at vi stod som konfirmantar.

Etter kvart gjekk praten lett over bordet, og mange historier frå konfirmanttida dukka opp og skapte god stemning.

Ditt beste juleminne - korleis blir jula i år?

AV: ELI VATN, LILLIAN NORLI OG INGRID MEYRICK - REDIGERT AV: INGRID MEYRICK

Trass i mildver og ingen snø no i skrivande stund så veit vi at det er knappe to veker til fyrste søndag i advent og jula stundar til. Korleis blir jula i år? I kyrkja diskuterer vi om vi kan ha julegudstenester. Dei kan i alle fall ikkje vera som før der folk sit tett i tett.

I heimane spøkjer det kanskje for at nokon ikkje kjem heim til jul. Korleis blir det då? Kanskje er det nokon som er blitt borte det siste året så ein stol blir ståande tom. Inga tid på året er vi så oppsette på at «alt skal vera som det har vore». Då kan det vera fint å ta fram att våre kjæraste juleminne. Vi har vel alle eit år då vi fekk ei spesiell julegave, eller då noko spesielt gledeleg hende.

Lillian Norli, Ingrid Meyrick og Eli Vatn har take ein prat med nokre øystreslidringar og gitt dei dette å fundere på og dei har delt tankane sine med oss.



SISSEL MARIT FJELLTUN OG ELDESTJENTA ABBI Foto: Privat

Sissel er ei travel trebarnsmor som nettopp har overtak blomsterbutikk på Fagernes. Vi tek sjansen på å legge beslag på litt av tida hennar for å dele sitt beste juleminne. For henne som for så mange av oss er gode juleminne knytt til barndommen.

- Mitt beste juleminne er frå då eg var liti. Fjøsstellet var endeleg ferdig, mamma bar inn julemiddagen, som alltid vart avslutta med riskrem, og pappa delte ut pakker. Jula i år vil bli annleis for veldig mange. Kanskje vil endå fleire enn før bli verande åleine i jula og dei blir hindra i å reise heim til sine. Eg trur vi skal tenkja over kor ekstra viktig det no er å ta vare på venner, familie og ikkje minst dei små.



VETLE ELIAS FJELLHEIM ORTEGA 6 ½ ÅR Foto: Lillian Norli

Vetle Elias har veldig lyst til å snakke om jula.

- Eg gleder meg veldig til jul fordi da kan eg få mange julepakker- kanskje Supermario-lego, for det ynskjer eg meg! Vi pyntar juletreet dagen før juleeftan og set opp julestrømpa slik at nissen kan koma med pakker og godteri oppi nissestrømpa mi. Juleeftan et eg julepølse og mammas heimelaga kjøttkaker. Det er det beste eg veit om!

I år kjem nok ikkje nissen inn i huset sidan det er korona. Han må passe på så han ikkje blir smitta eller smittar andre barn i verden. Nissen legg alle pakkene på låven eller utafor huset i år. Då har han på seg Koronadrakt så han kan reise frå hus til hus. Eg blir nok litt lei meg, for eg vil sjå nissen. Håpar det blir betre neste år og at nissen kjem då!



SKATTEBU KVINNE- OG FAMILIELAG - ÅSE INGER BAKKE, GERD ROGNE OG LIV HEITUN ERIKSEN Foto: I. Meyrick

Laget kjem saman omlag ein gong i månaden.

Gjennomsnittsalderen har krype oppover. Vi har nettopp mista eit kjærnt medlem og når det blir snakk om jula på novembermøtet, så er temaet naturleg nok at nokon stolar blir ståande tomme denne jula.

Når **GERD ROGNE** skal nemne sitt kjæraste juleminne, er det siste jula då Ola levde som kjem for henne.

- Alle barn, barnebarn og svigerbarn var samla. Den store underhaldinga for ungar flest er å springe etter kvarandre. Det gjorde dei også denne jula. Berre minstejenta som nettopp hadde sleppt seg, sprang feil veg til stor moro for dei alle og Ola var med på heile «runddansen». Tre-åringen forkynte «Se, tante Ragnhild har kledd seg ut som Julenissen!» Men det vart fort gløymt då «julenissen» lesst som ingenting og la ut om kor slitsamt det hadde vore å vasse i snøen opp alle bakkane frå Volbufjorden der sleden og reinsdyret måtte stå att. Alle lytta andektig. Då var det jul og alt var godt!

LIV HEITUN ERIKSEN snakka om kor harmeleg ho og bror hennar hadde syns det var at dei alltid sto og vaska opp når julenissen kom. Dei høyrde han banka på døra og at han snakka med foreldra, men når dei kom ut i gangen, hadde han alltid hasta vidare «for å nå rundt med alle pakkene».

- Men en gang var han fortsatt der da vi kom ut. Han hadde maske og blå kappe (i ettertid har jeg tenkt at det sannsynligvis var en morgenkåpe!) Jeg var nok litt redd for han, selv om jeg syntes det var spennende. Vi så han også bare denne ene gangen.

Liv hadde også eit minne til på lager som ga oss ein retteleg god latter:

- En jul fikk far en vakuumpakket roastbiff sammen med en flaske konjakk. Den gangen hadde vi katt og i et ubevoktet øyeblikk hadde katten sett sitt snitt til å gjøre et skikkelig innhugg i roastbiffen. Da fikk far en ide. Han holdt katten fast og tømte en god slurk med konjakk ned i halset på den mens han sa: Når du forsyner deg av roastbiffen, skal du sannelig ha litt av konjakken også! Da han slapp katten, sjanglet den bortover gulvet, inn i et hjørne hvor han sovnet straks og sov til neste dag- til stor moro for oss alle sammen!

Det vart mange minner etterkvart og **ÅSE INGER BAKKE** kom inn på korleis julehøgtida forsterkar opplevingane våre.

- Både gledene og sorgene blir forstørra i ei slik tid. Nokon minner kan også bli såre nettopp fordi det var jul og alt skulle liksom vera perfekt.

Vi avrunda heile julesamtalen med kor heldige vi er her i Valdres i denne Koronatida. Ikkje har vi mykje smitte og dei fleste av oss har nære og kjære rundt oss slik at vi også kan feire jula omlag som før.



ROAR NORLI 75 ÅR Foto: Lillian Norli

Då Roar Norli vart spurt om eit juleminne, gikk tankane hans også like langt attende i tida:

- Jeg vokste opp på et småbruk i den vesle bygda Nakkerud på Ringerike. Jeg har lyst til å gå tilbake til tidlig på 50-tallet. Når jula nærma seg skulle det bakes og vaskes etter alle kunstens regler. Vi unga fikk beskjed om at vi helst skulle ta av oss skoa «ute på bakken». Hvis vi ikke var lydige kom ikke nissen, og det måtte vi for all del unngå! Besteforeldrene mine, Asta og Knut, bodde på et bruk langt oppi skauen. De var også sentrale i de gode juleminnene mine. Et av de beste minnene er at bestefar alltid hogde fem flotte juletrær, disse hadde han sett seg ut i skauen før snøen kom. Det ene treet var til oss. Dette kom han med til oss julaftens formiddag, sammen med julegaver. Vi unga visste sånn omtrent når han skulle komme, og maste om å få gå han i møte. For bestefar kom med hest og slede, og hesten het Mona. En gang

gikk vi flere kilometer gjennom skauen før vi endelig så hesten som kom dampende opp bakken fra brua, og bakpå sleden satt bestefar med juletreet og gavene! Vi ble løfta opp i sleden, og jeg fikk styre hesten helt hjem! Bestefar satte Mona ved skjuldøra, hadde på hestedekket, og så ble juletreet og gavene høytidelig overlevert. Før han dro hjem igjen til småbruket sitt, satt vi alle rundt kjøkkenbordet, og bestefar fikk smake på julebaksten. Vi unga satt der som tente lys og fikk en smak vi også. Noen ganger var vi hos besteforeldrene vår i jula. Da ble foreldrene mine enige om at de skulle spandere drosje både fram og tilbake. Det var Karen som kjørte drosja. Jeg glemmer aldri den gode, hjemmelaga maten til bestemor! Men rarest syntes jeg det var at bestefar aldri var inne når julenissen kom! Da var han alltid i stallen og ga hesten ekstra med havre. «Nissen har vært her!» ropte jeg til bestefar når han kom inn igjen. «Ånei, og jeg som itte rakk innatt, da!» svarte bestefar.

- Et lite minne til : Foreldra mine hadde spart til nytt stuebord og stueskap. Dette skulle komme i god tid før jul. Men så kom møblene på sjølveste julekvelden! Den vinteren var det lite snø, men skikkelig sølete framfor huset. Møbelbilen spant, og faren min som sto der i pen dress og hvit skjorte fikk hele sølespruten over seg. Da banna han! Og det var første og siste gang at jeg hørte faren min banne! Dette gikk jeg og tenkte på hele jula: Faren min hadde banna! Men hvordan blir jula i år? Den blir nok prega av korona. Om vi som besteforeldre, i risikogruppa, kan få besøk eller besøke familien, det er jeg usikker på foreløpig. Vi får håpe at vi alle får ei GOD JUL!



RAGNHILD MOEN DAHLE Foto: Gudbrand Dahle

Ragnhild Moen Dahle var heller ikkje tung å be då eg spurde om eit juleminne.

- Eg har eit juleminne, som er frå ei anna tid, ja, heilt tilbake til 1950. Då budde vi på Bjørkang, nede ved Heggefjorden. Julekvelden var som oftast snørik og kald.

Vi venta alltid spent på kva som skulle skje, ikkje minst eg, som var lita jente, med to storebrøyr. Utpå ettermiddagen, same tid kvart år, opna vi glasert, for at alle skulle høyre kva som kom. Lite visste eg at det var ein som heitte nisse. Han kom gjennom det store grindeleet nede ved veggen. Vi høyrde han alltid, for han gjekk og song! Når han kom inn i gangen, song han framleis, og alltid «Eg er så glad kvar julekveld». Høg og klar song høyrdest over heile huset. Sjølv vart eg litt redd denne store karen, kledd i mørke, grove og store klede, og ei stor, sid lue. Eg gøynde meg i ein krok bak sofaen. Ikkje fordi eg hadde vore lei, seier bror min, men karen var ganske skummel! På ryggen hadde han ein gamal, grå ryggsekk. Før han openberra kva som var i sekken, song han ferdig. Bror min var 5 år eldre, men det tok fleire år før han skjønnte at karen var snille, gode Andris Moen, på Marken.



ANDRIS LØSETH NORDTORP Foto: Eli Vatn

- Snart kjem julehøgtida 2020, som blir heilt annleis for mange av oss. Det er mange fine juleminne som kjem fram når konfirmantane blir spurde. Andris er med på å dele sitt i kyrkjebladet.

- Det eg tenkjer på er jula da va da vi var i USA, i Washington DC og besøkte nokre vener av mamma. Det var ei chill jul. Det var ikkje snø. Ikkje alle dei same juletradisjonane. Vi la puslespel og kosa oss. Eg fekk i julegave å reise til National Zoological Park, og det gjorde vi den jula.

- Korleis trur du jula blir i år? Blir det noko som er annleis enn vanleg på grunn av koronaen?

- Nei, eg trur det blir som det plar. Brørne mine kjem heim, men vi er ikkje så stor familie som samlast så eg trur ikkje det blir vanskeleg. Det blir nok bra tenker eg; eg kjenner dei brørne!

Artikkelen held fram på neste side.



KRISTIN OG ANDERS SKREBERGENE

Foto: Eli Vatn

I dåpsbesøk hos Kristin og Anders Skrebergene og nytter eg høvet til å spørje dei om deira beste juleminne, og om forventningar til jul i denne spesielle tida.

Det er mange minne som kjem fram, frå då Anders var liten og julekvelden vart feira i huset hos besteforeldra som dei no har teke over. Det var der dei ville vera julekvelden, der søskenborna var med liv røre, moro og småslosting, sjølv om Mama kan hende gjerne hadde villa feire jula heime hos dei sjølve. Kristin løfter fram kor viktig det er å lage tradisjonar, gode minne som gjer at ein kjenner att og får julestemninga. Det er viktig å skape desse i sin eigen heim også slik at ungene har gode minne å ta med seg. Den finaste, eller mest spesielle jula var kan hende då dei sjølve var nybakte foreldre og feira jul heime hos hennar foreldre i Vang.

- Vi har no i fleire år feira jul heime hos oss

sjølve, så det vert nok på same viset i år også. Besteforeldra i Skrebergo kjem som dei har bruka på å gjere. Vi vonar å kunne møtast i den nærmaste familien i romjula slik vi har gjort før om åra, men det spørjs om vi kan vera like mange samene som før. I mi familie har alle fått plass i sofaen uansett; vi berre skubbar oss saman. Slik kan det kanskje ikkje bli i år; ikkje like mange rundt bordet, ikkje like tett. Vi kan komme til å sakne nyttårsaftan med venepar. Kan hende blir det ei roligere jul. Kan hende blir det ei roligere tid før jul også. Ikkje sikkert alt treng å rundvaskast om ein ikkje skal ha fullt hus.

Ja, det tenkjer underteikna også: ikkje så mange juleavslutningar og styr. Kanskje vert det litt roligere syslar i heimen for mange.



ANNE MARI HOVI Foto: Eli Vatn

Anne Marie Hovi på butikken Marnes på Beitostølen har ein roleg dag. Eg blir bydd

kaffi – men eg har vore i dåpsbesøk så kaffikvota er oppfylt. Fortel om jula då ber eg; gode juleminne.

- Julia då eg var lita var det i tida før jul å vera med Mama i bakeriet og bake lefse og flatbrød etter skolen. Veldig travelt heilt til vesle julekvelden. Då var det heim og lage jul. Vaske, pynte og ordne. Og så vart det julekvelden. Det var å sjå Donald om morgonen, så ete ribbe, pakkar, kos og freden senka seg. I romjula var det å gå på litt julebesøk.

- Skal du spørje om julesongar og? spør ho som tidlegare har røpa for meg at ho er over gjennomsnittet oppteken av salmar. Ja fyr laus, seier eg, der fekk eg litt bonus.

- Akkurat no har vi byrja spele Drummer Boy i korpset; den er veldig fin; og Fairytale of New York, og Nå tennes tusen julelys. Ja alle julesongane om lys. Vi syng alt for lite. Det er veldig bra å syngje.

Eg kan ikkje seie meg meir einig.

- Vi vonar at korpset kan ha julekonserten sin sjølv om det ikkje er nok plass i kyrkja. Ja det gjer eg og!

På spørsmål om juleforventningar i år vonar Anne Marie at jula ikkje blir så mykje annleis enn elles. Ho håpar på liv rundt seg på butikken og i sentrum på Beitostølen. Det er ein god møteplass merkar eg; ein stad der ein blir bydd kaffi og kan slå seg ned ved eit bord midt på «torget». For henne sjølv blir det som det brukar; familien kjem nok saman slik dei har bruka å gjere.

God jul! går vi glade frå kvarandre.

Menighetspedagog Ellen Oddveig Rudi på vei til nye oppgaver.

TEKST OG FOTO: CARL PHILIP WEISSER

Ellen Oddveig Rudi har vært menighetspedagog i Øystre Slidre og Nord-Aurdal fra 2014 i til sammen 50 % stilling. Nå blir det en pause fra dette arbeidet. Fra 1. januar 2021 skal Ellen vikariere som sokneprest i 50 % stilling i Sør-Aurdal.

For å komme så langt har hun forberedt seg godt. Hun er utdannet både lærer og sykepleier, og de siste årene har hun studert ved siden av å jobbe.

- Hva er det du har gjort med tanke på å bli prest?

- Eg har take ein del teologifag og no jobbar eg med ein master i diakoni. Eg har drøymt om å bli prest sidan eg var 17 år. Eg hugsar godt den sommaren eg sat og skreiv «preiker» – i barneskulealder. Det var så spennande å jobbe med tekstar og forteljingar. Eg tok ein prat med den dåverande soknepresten i Øystre – Per Arne Faye, og kan ikkje gløyme det han sa då eg fortalde eg tenkte på å bli prest: «Min Gud, min Gud – hun går jo ikke i kirken, men det kan jo være like greit.» Han hadde rett i at vi ikkje var mykje i kyrkja medan eg vaks opp. Vi budde eit stykke unna, og det var ikkje så lett å koma seg av garde. Men gudstenester og andakter på radio fekk eg med meg opp gjennom heile oppveksten.

Å reise til Oslo for å starte med presteutdanning vart likevel litt for komplisert for meg då eg var ung. Difor vart det fyrst lærarutdanning og sidan utdanning som sjukepleiar. Både delar kunne eg ta desentralisert slik at eg kunne jobbe attåt.

- Kommer du til å ha glede av disse utdanninger når du blir prest?

- Ja – pedagogikken har eg stor glede av når eg skal forkynne, og sjukepleia gir trygghet i møte med folk. Eg trur det blir ein god ballast i høve til både sorg og glede som ein skal inn i når ein er prest.

- Hvordan har det vært å være menighetspedagog?

- Det har vore flott å ha ansvar for trusoppplæring og det har vorte mange fine opplevingar å sjå attende på. Det er viktig å involvere og vera saman med ungene når vi har tiltak som jule- og påske-



Ellen Oddveig Rudi har vært klokke i Rogne kyrkje i tillegg til å være menighetspedagog i Øystre Slidre. Nå står hun framfor en spennende tid som prestevikar i halv stilling i Sør-Aurdal mens hun samtidig avslutter sin presteutdanning.

vandringar, Lys vaken og tårnagentar. Eg får så mykje tilbake – ikkje minst gjennom dei mange gode spørsmåla som ungene har. Der er det mykje å lære om det «å bli som barn igjen» – ikkje ha så mange fordommar, men evne til å undre seg og vera open til å ta imot forteljingar og opplevingar.

- Hva gleder du deg til som prest?

- Eg er sæl og takksam for sjansen. Det er sjølv sagt spennande å skulle inn i den rolla. Ein føler seg litt som gjetarane og de vise menn som fylgde ei stjerne over ein stall. Det er litt som om det står ei stjerne over Sør-Aurdal for meg. Eg gler meg til å ta fatt på oppgavene og bli kjend med og trygg på rolla som prest.

- Hvordan var det muligheten til å bli prest åpnet seg for deg?

- Eg planla å etterutdanne meg til diakon fordi eg har ei diakonal stilling som menighetsarbeider i Etnedal. I 2017 var det bispevisitas der og vi fekk tilbod om ein samtale med biskop Solveig. Eg tenkte at det treng eg ikkje, men biskop Solveig ville snakke med meg. Eg fortalde om mine planar for diakoni, då biskopen brått spurde om eg ikkje kunne tenkja meg å bli prest. Dermed var det gjort, og eg håpar å bli ferdig med utdanninga og godkjend som prest i 2022.

Vi ønsker lykke til med både den avsluttende utdanning og prestetjenesten i Sør-Aurdal. Som prost er jeg veldig glad for at Ellen svarte ja på min forespørsel om å starte i den halve prestestillingen og jeg ser fram til godt samarbeid.

UTDELING AV 4-ÅRS BØKER.

Alle som er 4 år i løpet av 2021 vil på nyåret bli invitert til gudsteneste for å ta imot 4-års-bok. Utdeling av bok til 4-åringar er ein veldig lang tradisjon og eit populært tiltak i kyrkja. I år vert det Carl Philip med gitaren som er prest, Magne Olav stiller trufast opp og det gjer resten av mannskapet også.



Velkommen til utdeling av 4-års bok!

Gudsteneste med utdeling av 4 års bok.
Lidar kyrkje: 10. januar kl. 11.00
Volbu kyrkje: 10. januar kl. 13.00
Rogne kyrkje: 17. januar kl. 11.00
Hegge kyrkje: 17. januar kl. 13.00

Eigen invitasjon vert sendt i posten.

TUSEN TAKK FOR GÅVA TIL ROGNE KYRKJE.

Me takkar hjarteleg for gåva vi fekk etter Martha Moe si gravferd.

Pengane kjem Rogne kyrkje til gode.

-Rogne sokneråd ved Eli Døvresødegård Skattebu.

ÅRSMØTER I 2021 - ETTER GUDSTENESTA:

Volbu 31. januar kl. 11.00
Lidar 7. februar kl. 18.00
Rogne 7. februar kl. 11.00
Hegge 28. februar kl. 11.00

VENNELAG FOR ROGNE KYRKJESTOGO.

Vil du vera med å ta vare på kyrkjestogo vår?

På årsmøte i soknet kom det forslag om å lage eit vennelag for kyrkjestogo. Eit vennelag kan vera med på dugnader, samle inn pengar til stogo, eller koma med gode idear til korleis vi skal bruke ho, ja i det heile ha litt ekstra omtanke til dette flotte huset vi har fått å forvalte.

Ta kontakt med Eli Døvresødegård Skattebu telefon 40872211 eller skattens@gmail.com



KYRKJELEGE HANDLINGAR OKTOBER 2020 - NOVEMBER 2020

GRAVFERD

HEGGE KYRKJE
Ottar Bolstad
Aslaug Hegge
Margit Kjellaug Solberg

ROGNE KYRKJE
Knut Berglid
Martha Moe
Brith Skogen
Tove-Karin Skogen
Ragnhild Steinsli Rogne

VOLBU KYRKJE
Wenche Skogen

DÅP

ROGNE KYRKJE
Knut Skaret
Aksel Bøe

LIDAR KYRKJE
Anja Skrebergene

VELKOMEN TIL KYRKJE!

COVID-19:

Kyrkja følger gjeldande retningslinjer og tiltak for arrangement. Avlysingar eller endringar på den oppsette lista kan førekomme. Følg med i avisa Valdres og på nettsidene til kyrkja.



God jul

Jula 2020

24 12 2020 LIDAR KYRKJE KL. 13.00

Julaftangudsteneste ved prost Carl Philip Weisser.

Takkoffer Kyrkjebladet På kyrkjeveg.

24 12 2020 ROGNE KYRKJE KL. 14.30

Julaftangudsteneste ved sokneprest Eli Vatn. Takkoffer Rogne kyrkjestogo.

24 12 2020 HEGGE KYRKJE KL. 16.00

Julaftangudsteneste ved sokneprest Eli Vatn. Takkoffer Redd Barna

25 12 2020 HEGGE KYRKJE KL. 12.00

Høgtidsmesse ved prost Carl Philip Weisser.

Takkoffer Kirkens Nødhjelp.

25 12 2020 Ø.S SJUKEHEIM KL. 17.00

Julegudsteneste ved prost Carl Philip Weisser.

25 12 2020 VOLBU KYRKJE KL. 19.30

Gudsteneste ved sokneprest Eli Vatn. Takkoffer Frelsesarmeen Fagernes.

Januar

10 01 2021 LIDAR KYRKJE KL. 11.00

Gudsteneste utdeling av 4 årsbøker ved prost Carl Philip Weisser. Takkoffer Misjonsprosjektet mor og barn i Etiopia.

10 01 2021 VOLBU KYRKJE KL. 13.00

Høgmesse utdeling av 4 årsbøker ved prost Carl Philip Weisser. Takkoffer Misjonsprosjektet mor og barn i Etiopia.

17 01 2021 ROGNE KYRKJE KL. 11.00

Høgmesse dåp. Utdeling av 4 årsbøker ved prost Carl Philip Weisser. Takkoffer Redd Barna.

17 01 2021 HEGGE KYRKJE KL. 13.00

Gudsteneste utdeling av 4 årsbøker ved prost Carl Philip Weisser. Takkoffer Diakonalt arbeid i soknet.

31 01 2021 VOLBU KYRKJE KL. 11.00

Høgmesse ved sokneprest Eli Vatn. Årsmøte. Takkoffer Leger uten grenser

Februar

07 02 2021 ROGNE KYRKJE KL. 11.00

Gudsteneste. Dåp ved sokneprest Eli Vatn Årsmøte. Takkoffer Kirkens SOS.

07 02 2021 LIDAR KYRKJE KL. 18.00

Gudsteneste v/sokneprest Eli Vatn Årsmøte. Takkoffer Øystre Slidre Røde korsomsorg.

14 02 2021 Gudsteneste der det er behov for dåp. Vert gudstenesta ope vert det annonsert i avisa Valdres og på heimesida til kyrkja.

28 02 2021 HEGGE KYRKJE KL. 11.00

Gudsteneste ved sokneprest Eli Vatn. Årsmøte. Takkoffer Hegge kyrkjestogo.

28 02 2021 ROGNE KYRKJE KL. 19.30

Songgudsteneste ved sokneprest Eli Vatn. Takkoffer Kyrkjebladet På kyrkjeveg.

Mars

07 03 2021 VOLBU KYRKJE KL. 11.00

Høgmesse ved prost Carl Philip Weisser. Takkoffer Øystre Slidre Røde kors omsorg.

21 03 2021 LIDAR KYRKJE KL. 11.00

Gudsteneste ved sokneprest Eli Vatn. Utsending av konfirmantar til årets Fasteaksjon. Takkoffer Kirkens nødhjelp.

28 03 2021 ROGNE KYRKJE KL. 11.00

Palmesundag. Høgmesse ved sokneprest Eli Vatn. Takkoffer Rogne kyrkjestogo.

Den gylne time

Den gylne time er utsett på ubestemt tid, grunna covid-19 og stengt lyskapell.

KYRKJA SI HEIMESIDE:
www.kyrkja.no/oystre-slidre

KYRKJA ER ÒG PÅ FACEBOOK.
[/Kyrkja-i-Øystre-Slidre](https://www.facebook.com/Kyrkja-i-Øystre-Slidre)

Her fortel vi om hendingar og opplegg knytt til kyrkjer og kyrkjeliv i kommunen.

Juletreff

Den årlige juletreffesten **3. januar 2021 kl. 17.00** er avlyst pga. covid-19-pandemien.

Salmekvelder

i Rogne kyrkjestogo har utgått i heile haust trass i datoar i bladet. Desse blir heller ikkje sett i gang att før vi kjenner oss tryggare innanfor rammene for smittevern.

Diakonisamling

I Rogne kyrkjestogo:

Sokneråda i Rogne og Volbu har sett opp fylgjande datoer for diakonitreff i Rogne Kyrkjestogo: **17. februar, 21. april og 9. juni.**

Vi veit enno ikkje om desse kan gjennomførast, så fylg med i annonser for «Kyrkjelege handlingar» i avisa. Dei som har skrive seg opp på telefonliste får invitasjon direkte og alle må melde seg på på førehand for å fylgja smittevernreglane.

Pusterom

I Volbu kyrkje held fram som før og vi har sett opp desse datoane etter jul: **11. januar, 8. februar, 15. mars, 12. april, 10. mai og 7. juni.** Ope kyrkje i Volbu frå kl. 18.00. Felles meditasjonsstund frå kl. 18.30

Babysong

12. januar 2021 og 26. januar 2021 i Rogne kyrkjestogo kl. 11.00.

Babyar mellom null og eit år er hjarteleg velkomne saman med foreldra til ei koseleg stund med song, musikk og lett servering. Sjå òg kyrkja si Facebookside

